

---

Saksnr: 2020/35585-5  
Saksbehandlar Silje Balgaard Lyngstad  
Dato: 06.05.2021

---

---

**Til:** Representanten Morten Klementsens

---

**Frå:** Politisk sekretariat

---

## Spørsmål om støtte til gruppeleiar og frikjøpsmidlar til uavhengig gruppe/Folkepartiet Vestland

Viser til spørsmål om støtte til gruppeleiar og frikjøpsmidlar til uavhengig gruppe/Folkepartiet Vestland.

Det følger av partiloven § 10 annet ledd at «*Støtten til de folkevalgte gruppene i fylkestinget og kommunestyret skal ytes forholdsmessig etter deres oppslutning ved valget*». Ordlyden gjer det klart at støtte skal ytast etter *oppslutning ved valet*. Dette inneber at det er dei folkevalde gruppene (partia) som vert valt, som har rett på støtte som *ei gruppe*. Uavhengig gruppe/Folkepartiet Vestland er oppretta etter valet og fell såleis utanfor ordlyden. Det vil stride mot dei demokratiske prinsippa kor ein stemmer inn ei liste, i eit registrert parti. Dersom det skal vere tilgang til å melde seg ut av ei gruppe for så å opprette nye (parti)grupper i løpet av ein periode, så vil det rokke ved valresultatet. Det vil føre til at det vert usikkert kva ei røyst eigentleg betyr ved eit val.

Likevel er det etter vallova eller kommunelova ikkje til hinder for at ein representant kan melde seg ut av eit parti og anten melde seg inn i eit anna parti representert på fylkestinget, eller vere uavhengig. Ein må gjerne danne seg ei ny gruppe i fylkestinget med andre uavhengige representantar, men denne gruppa kan ikkje formelt bli del av fylkestinget sine *folkevalde grupper*.

På den bakgrunn som skissert over vert ikkje representanten rekna for å vere gruppeleiar «i partia» slik det går fram av § 2-5 i forskrift til økonomireglement i Vestland fylkeskommune. At representanten uoppfordra er invitert til å vere ein del av gruppeleiarkollegiet endrar ikkje det juridiske utgangspunktet. Det er klart at tildeling og fordeling skal skje etter saklege og rettferdige likskapsprinsipp. Så lenge folkevalde representantar gjer val om å melde seg ut av sine parti, kan ikkje politisk sekretariat sjå at det er usakleg eller urettferdig at dei ikkje får tildelt gruppeleiarstøtte.

Når det gjeld frikjøpsordninga etter forskrifta § 14-1, så får alle uavhengige representantar utbetalt stønad lik den som vert gjeve partigruppene. Forskjellen er at *partigruppene* får utbetalt kr. 20 640 per fylkestingsrepresentant per år (med nokre unntak). Dei uavhengige får denne stønaden betalt direkte til *seg* fordi dei ikkje lenger har tilhøyrse til ei *folkevald gruppe*.

Partilova § 10 opnar imidlertid for at det er tilgang til å gje støtte til lokale partilag/grupper som ikkje er ein del av fylkestinget. Korleis ei slik støtte skal regulerast er uklart. Det er fylkestinget som vedtar reglement for godtgjersle for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune. Politisk sekretariat kan difor ikkje ta ei avgjerd som gjer endringar i utbetalingane til uavhengig gruppe korkje når det gjeld gruppeleiarstønad eller til frikjøpsordninga.

Det vil til fylkestinget i juni bli lagt fram forslag til revidering av forskrifta. Denne revideringa skal først innom arbeidsutvalet for delegering 18. mai, så fylkesutvalet 01. juni og til slutt fylkestinget 16. juni.

Politisk sekretariat vil etter dette rå representanten til å ta opp dette i samband med den politiske saka.